



Statens vegvesen

BYGLAND KOMMUNE
Sentrum 18

4745 BYGLAND

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Glenn Solberg / 37019823

Vår referanse:
25/352245-2

Dykkar referanse:
25/98

Vår dato:
10.02.2026

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel – reetablering av dam ved Longeraksvatnet – gnr. 54 bnr. 2 Bygland kommune – uttale

Vi syner til brev frå kommunen den 11. desember 2025.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for tiltak i samband med reetablering av dam ved Longeraksvatnet. I kommuneplanens arealdel er området regulert til LNF-område. Tiltaket ligg lang i frå offentleg veg, men i ein anleggsperioden vil eksisterande avkøyrse frå rv. 9 nyttast.

Statens vegvesens innspel/merknader

Vi har ingen merknader til tiltaka på dam Longerak. Tilkomst til dammen er via ein traktorveg. Eksisterande avkøyrse frå rv. 9 skal nyttast, og denne er og i bruk av ein bustad.

Vi er ikkje kjend med omfanget av trafikk i ein anleggsperiode, men det står i søknaden at hovudtransport inn til dammen planleggjast med helikopter. Ved auka/endra bruk av avkøyringa frå rv. 9, ber vi om at de takast kontakt med oss i forkant. Ein kan då sjå på om det til dømes er naudsynt med siktrydding, og om avkøyringa må asfalterast lenger inn slik at auka transport ikkje drar med seg grus og sand ut på sjølve riksvegen.

Ut over dette har vi ikkje fleire merknader til saka.

Med helsing

Erling B. Jonassen
seksjonsleiar

Glenn Solberg

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Langsævn 4
4846 ARENDAL

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.